



Jnr. 1115.19  
GJG/rr

Ordførarar og rådmenn i Sunnhordland  
Ordførar og rådmann i Haugesund kommune  
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

### **INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND**

Det vet med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

**Fredag 8. november kl. 10.00, Matre Gjestetun, Kvinnherad**

#### **Då vert føre:**

- Sak 41/19 Godkjenning av referat frå møte 13 september d.å  
Sak 42/19 Deltaking i felles prosess for utforming av avtalar mellom regionråda i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune  
Sak 43/19 Framlegg til innstilling nytt styret 2019-2021  
Sak 44/19 Framlegg til innstilling ny representantskapsleiar 2019-2021  
Sak 45/19 Framlegg til budsjett 2020  
Sak 46/19 Framlegg til møteplan 2020  
Sak 47/19 Skriv og meldingar  
a) Julemøte 5-6 desember  
b) Berekraftig reisemål  
c) Miljøfyrtårn sertifisering  
d) Prosjekt mot forsøpling  
e) Strategi Hordfast  
f) Planretningslinjer for strandsona  
g) Autopass på ferjer  
h) Tingrettane  
i) Kraftskattutvalet  
Sak 48/19 Ymse

#### **Tidsplan:**

- Kl. 10.00 Saker til handsaming  
Ca kl. 11.30 Orientering frå SKL - kraftskattutvalet  
Ca Kl. 12.30 Lunsj  
Ca kl. 13.15 Omvisning på SKL sitt anlegg

Sunnhordland, 31. oktober 2019

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 8. november kl. 10.00  
Matre Gjestetun, Kvinnherad

Sak 42/19  
GJG/rr

### **DELTAING I FELLES PROSESS FOR UTFORMING AV AVTALAR MELLOM REGIONRÅDA I VESTLAND FYLKE OG VESTLAND FYLKESKOMMUNE**

#### **Bakgrunn**

I februar 2019 var det ei erfaringsamling mellom regionråda i Sogn og Fjordane og Hordaland, der ein av konklusjonane var at ein saman skulle sjå på forming og utvikling av regionråda i Vestland fylke.

Frå 2020 vert talet på kommunar i Sogn og Fjordane redusert frå 26 kommunar til 19 kommunar. I Hordaland vert antal kommunar redusert frå 33 til 25 kommunar. Dette vil påverka kor mange kommunar som er med i regionråda etter kommunesamanslåinga. Dette var ein av fleire årsaker til at regionrådet i Sunnfjord tok initiativ til samlinga i Førde.

Som ei oppfølging av erfaringsseminaret har leiar i Hardangerrådet og leiar i Samarbeidsforum i Sunnfjord utarbeida eit notat som er sendt ut til alle eksisterande regionråd i Hordaland og Sogn og fjordane samt til kommunar som i dag ikkje er knytt til regionråd.

Målsetjinga er å få til ei auka samhandling mellom fylkeskommunen og regionråda gjennom ein samordna prosess.

I forkant av utarbeiding av notatet har det vore eit fellesmøte mellom leiarane i regionråda i Hordaland og regionaldirektør Bård Sandal, samt eit felles telefonmøte med leiar i Samarbeidsforum i Sunnfjord.

For å gje prosessen den naudsynte politiske forankring i regionråda, vert regionråda beden om å gje ei tilbakemelding om dei ønskjer å delta i ein felles prosess med mål om å etablera sterke, funksjonelle regionråd som samspelar med fylkeskommunen om samfunnsutviklar rolla. Notatet er bygd opp med ei kort analyse og med ei tilråding til kvart område.

Notatet ligg som vedlegg.

#### **Vurdering**

Samarbeidsrådet er det einaste regionrådet som ikkje har kommunar som har slege seg saman. Difor meiner administrasjonen at det ikkje er alt i notatet som er relevant for Sunnhordland, då mykje er lagt opp til utviding og eller omstrukturering av regionråda som har kommunar som har slege seg saman. Det er likevel mykje i notatet som er viktig for Samarbeidsrådet å ta ei drøfting på.

Målet med notatet er å kunne gje regionråda eit betre grunnlag for å bestemma vegen vidare med omsyn til oppgåver og rolle. Dette er igjen naudsynt for å avgjera kva modell ein vel framover med omsyn til storleik, kapasitet og geografisk inndeling.

Ein kan sjå føre seg fleire modeller basert på oppgåver og rolle. I tillegg må ein vurderer styrken eit regionråd treng med omsyn til geografisk storleik, administrasjon og økonomi, og partnerskapsavtalar. Tilrådinga er at det må inngåast forpliktande partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune.

Administrasjonen vel å kommentera kvar tilråding sett i høve til Samarbeidsrådet og vidare utvikling av Samarbeidsrådet.

### 2.1 Regional utviklingsrolle

Samarbeidsrådet / regionråda i Hordaland har gjennom fleire år hatt forpliktande partnerskapsavtalar med Hordaland fylkeskommune. I avtalen har det vore definert områder Samarbeidsrådet skal ha fokus på i høve til regional utvikling i Sunnhordland.

Gjeldande avtale går ut i 2020. Avtalen har også ei økonomisk ramme. For finansiering av Samarbeidsrådet sitt arbeid har denne summen vore svært viktig. Dei seinare åra har denne vorte redusert, då det har vore fleire andre selskap utanom regionråda som og har fått partnerskapsavtalar.

Gjennom partnerskapet har Hordaland fylkeskommune hatt jamlege møter med regionrådsleiarane for felles informasjon og drøfting. Dette har vore svært nyttig for administrasjonen å ta med seg i sitt arbeid.

I notatet vert det oppmoda til at det må inngåast forpliktande avtalar med andre regionale institusjonar. Administrasjonen meiner at i denne saka bør avtalen med Vestland fylkeskommune vera sentral, og dei andre institusjonane meir underordna.

### 2.2 Rolla som interessehevdar

Det er ikkje kommunar i Sunnhordland som har slege seg saman. Samarbeidsrådet sine arbeidsoppgåver er definert gjennom gjeldande Strategisk plan med årlege handlingsplanar. Gjennom desse prosessane prioriterer kommunane kva rolle og oppgåver Samarbeidsrådet skal ha.

Samarbeidsrådet har interessehevdning – politikktutvikling som eit viktig arbeidsområde, noko som i notatet vert framheva som eit viktig arbeidsområde.

### 2.3 Initere og samordna interkommunalt samarbeid (tenesterolle)

Samarbeidsrådet har i liten grad hatt fokus på å initiera eller samordna interkommunalt samarbeid i høve til kommunale tenester. Fleire av regionråda har fagnettverk innan opplæring, helse, sosial, samfunnsplanlegging og kultur.

### 2.4 Demokrati og medverknad

Under dette punktet vert det tilrådd at ein held fram med at det er ordførarar og rådmenn som deltek.

På møte i Samarbeidsrådet juni 2019, Sak 31/19 Utviding av Samarbeidsrådet var det ei drøfting på om Samarbeidsrådet skulle utvidast til blant anna å ha inn representantar frå opposisjonen. Dette var etter innspel frå ein fylkestingsrepresentant. Samarbeidsrådet gjorde då følgjande samrøystes vedtak:

1. Samarbeidsrådet meiner at rådet gjennom eksisterande eller ved å utvikla nye møteplassar vil kunna dekke behovet for samarbeid med partia som ikkje er representert i Samarbeidsrådet eller på fylkestinget.
2. Samarbeidsrådet meiner at rådet ikkje skal utvidast med andre representantar enn ordførar og rådmann i kommunane.

#### 2.5 Større og sterkare regionråd

Det vert i notatet drøfta større og sterkare regionråd. Tilrådinga er at regionråda må bli større og at ein bør starta raskt med å invitera kommunar til å drøfta nye regionråd. Administrasjonen meiner at dette i stor grad gjeld Sogn og Fjordane som har hatt fleire kommunesamanslåingar og ein anna struktur på regionråda enn i Hordaland. Det kan likevel vera små justeringar i to av regionråda i Hordaland.

Samarbeidsrådet har i dag åtte medlemskommunar og tre kommunar som observatørar. Dette er Haugesund, Vindafjord og Fusa. Fusa går inn i nye Bjørnafjorden kommune og Samarbeidsrådet har sendt førespurnad om den nye kommunen ønskjer å verta observatør.

#### 2.6 Bu og arbeidsmarknadsregionar

Det er og ei tilråding på at storleiken på regionråda må tilpassast ABS regionen.

Dette punktet er lite relevant for Sunnhordland, men eit auka samarbeid med andre regionråd er og bør vera heilt sentralt i arbeidet.

#### 3. Korleis kan ein modell for eit nytt regionråd sjå ut?

Kor mange og kor store regionråd det skal vera i Vestland fylke vil avklarast i den koordinerte prosessen som vert føreslege. For Sunnhordland vert det viktig å avklara oppgåver som regionråda skal utføra for den nye fylkeskommunen kombinert med regionalt prioriterte oppgåver.

#### 4. Konklusjon

I konklusjonen vert det presisert at regionråda framleis vil ha eit føremål om å vera eit samarbeidsorgan mellom deltakarkommunane.

«*Målsettinga må vidare vere at ein skal samarbeide om samfunns- interesse- og næringspolitikken for å skape vekst og bærekraft i regionen mellom Haugesund og Ålesund*».

Med nye og større fylkeskommunar bør regionråda i større grad forsøke å etablere avtalebaserte samarbeid med fylkeskommunen om større regionalpolitiske satsingar. Rådet bør òg vere eit kontaktpunkt overfor øvrige myndigheitsorgan og vere ein pådrivar for regionen.

#### 5. Vegen vidare

Notatet tek utgangspunkt i at det er eit felles ønske at regionråda skal vera ein viktig aktør for samfunnsutviklinga i Vestland fylke, og at samhandlinga mellom fylkeskommunen og regionråda bør harmoniserast og byggjast i ein samordna prosess.

Dei einskilde regionråda vil og bør vera ulike og tilpassast regionale ønskjer og behov kva gjeld oppgåver og prioriteringar innan det enkelte regionråd.

Fellesprosessen vil ha fokus på avtalar og samhandling mellom fylkeskommune og regionråd.

Regionråda i Sogn og Fjordane og Hordaland er ulik organisert, i førstnemnde er dei meir eit politisk sekretariat for enkeltkommunar, i Hordaland som IKS.

I tillegg er det ei formalisert samhandling mellom regionråda i Hordaland og fylkeskommunen gjennom partnerskapsavtalar.

Fellesprosessen vil ha fokus på avtalar og samhandling mellom fylkeskommune og regionråda.

Notatet gjer greie for korleis ein ser føre seg ein vidare prosess og det er bede om ei tilbakemelding frå kvart regionråd innan 10. november om ein ønskjer å delta i ein slik fellesprosess. Dersom tilbakemeldingane er positive vil det verta teke eit initiativ til eit nytt dialogseminar tidleg i 2020 for å vidareføra prosessen for utvikling av regionråda i Vestland fylke.

Administrasjonen meiner at det er viktig at Samarbeidsrådet er med i ein slik prosess, men med klare føringar som td.

- Avtalar og samhandling mellom regionråd og fylkeskommune skal ikkje vera ein erstatning for kontakten mellom kommunane og fylkeskommunen
- Avtalane må ikkje føra til ei overstyring av kommunane
- Regionale / fylkeskommunale planar må ikkje tvinga kommunane i kne, dvs konsekvensar av fylkesplanar. Døme Plan for senterstruktur og Interkommunal kystsoneplan.
- Vestland må spela på lag med regionråda, og bruka dei aktiv i høve til gode utviklingsprosjekt med mål om utvikling i distrikta.
- At partnerskapsavtalen vert følgd opp med ei økonomisk ramme.

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet er positive til å delta i ein fellesprosess for utvikling av samhandling mellom regionråda og Vestland fylkeskommune under føresetnad av at:

- Avtalar og samhandling mellom regionråd og fylkeskommune ikkje skal vera ein erstatning for kontakten mellom kommunane og fylkeskommunen.
- Avtalane ikkje må føra til ei overstyring av kommunane.
- Regionale / fylkeskommunale planar ikkje må tvinga kommunane i kne, dvs konsekvensar av fylkesplanar. Døme Plan for senterstruktur og Interkommunal kystsoneplan.
- Vestland må spela på lag med regionråda, og bruka dei aktiv i høve til gode utviklingsprosjekt med mål om utvikling i distrikta.
- At partnerskapsavtalen vert følgd opp med ei økonomisk ramme.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 8. november kl. 10.00  
Matre Gjestetun, Kvinnherad

Sak 43/19  
GJG/rr

### **INNSTILLING NYTT STYRET 2019-2021**

Styret i Samarbeidsrådet vert valt for to år. Det er Representantskapet som vel styret. Styret i Samarbeidsrådet skal i følgje vedtektene vera samansett av 3 medlemmer. Det er krav til kjønnsbalanse i styret.

På Representantskapsmøte 5. april d.å vart det valt nytt styre for perioden 2019-2021. I vedtaket står det:

#### ***Representantskapet vel følgjande styret for perioden 2019-2021:***

***Morten Storebø, Austevoll kommune (leiar)***  
***Siri Klokkestuen, Etne kommune (nestleiar)***  
***Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune (styremedlem)***  
***Jorunn Skåden, Sveio kommune (varamedlem)***

***Dersom det vert endringar i val av ordførar etter valet i september 2019, skal valt ordførar i dei kommunane det gjeld, tre inn i styret fram til ny godkjenning i representantskapet i desember 2019.***

Arbeidsutvalet drøfta i møte 25. oktober og vart samde om å tilrå at det er ordførarar som utgjer styret, og at rådmenn/ kommunedirektør vert representert i arbeidsutvalet.

Det vert gjort framlegg om følgjande nytt styre:

Morten Storebø, Austevoll kommune (leiar)  
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune (nestleiar)  
Linn Therese Erve, Sveio kommune (medlem)  
Sammy Olsen, Bømlo kommune (varamedlem)

Det er styret som innstiller til Representantskapet, men det er ønskjeleg at Samarbeidsrådet slutter seg til framlegg til vedtak.

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek framlegg til nytt styret til orientering.



## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 8. november kl. 10.00  
Matre Gjestetun, Kvinnherad

Sak 44/19  
GJG/rr

### **INNSTILLING NY REPRESENTANTSKAPSLEIAR 2019-2021**

Representantskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland består av 3 kommunestyrerepresentantar frå kvar kommune m/ personlege varamedlemmer.

#### **Oversikt Representantskap 2019-2023**

##### **Medlem**

##### **Varamedlem**

##### **Austevoll:**

Val 31 oktober

##### **Bømlo:**

Inge Reidar Kallevåg  
Anne Torhild Johannessen  
Torunn Laurhammer

Lars Kåre Katla  
Bjørn Asle Teige  
Morten Helland

##### **Etne:**

Siri Klokkestuen  
Lars Olav Bergsvåg  
Kenneth Lyng Karlsen

Kari Aakra  
Knut Erik Ebne  
Kristin Golf

##### **Fitjar:**

Terje Stokken  
Anja M Austlid  
Jo Kjetil Strand

Bård Inge Sørfonn  
Kristian Skumsnes  
Andrunn Bårdsen

##### **Kvinnherad:**

Hilde Enstad  
Gaute Lund  
Ove Lemicka

Skal gjera val 21 nov

##### **Stord:**

Katrin Ankervold  
Torbjørn Brosvik  
Sigbjørn Framnes

Marita Vassnes  
Silje Vatna  
Marte Tveita Djuvsland

**Sveio:**

Ruth Eriksen  
Asle Halleraker  
Arne Valen

Rune Teikari  
Linn Therese Erve  
John Økland

**Tysnes:**

Ingrid Tysnes Stue  
Ole Chr. Kjerrgård  
Magne Storesætre

Patrick Russel Madsen  
Ane Vermedal  
Bjørn Lande

Frå 5. april 2019 har Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune vore leiar, medan Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune har vore nestleiar.

**Oversikt over representantskapsleiarane/nestleiarane i perioden 2007-2019:**

2007-2009	Edvard Johannes Stangeland, Austevoll	Lorentz Lunde, Tysnes
2009-2011	Lorentz Lunde, Tysnes	Wenche Tislevoll, Fitjar
2011-2013	Harald Rydland, Fitjar	Arve Opsanger, Kvinnherad
2013-2015	Arve Opsanger, Kvinnherad	Jarle Jacobsen, Sveio
2015-2017	Ruth G. Østebøvik Eriksen, Sveio	Lene Pilskog, Stord
2017-2019	Lene Pilskog, Stord	Ingemund Berge, Etne
2019-	Mette Heidi B. Ekrheim, Etne	Inge Reidar Kallevåg, Bømlo

Mette Heidi B. Ekrheim er valt til ordførar i Etne, og det må difor veljast ny Representantskapsleiar. Etne kommune vil i møte peika på kven dei ønskjer å føreslå som ny Representantskapsleiar. Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune er nestleiar for perioden 2019-2021. På bakgrunn av innspel frå Etne kommune vert innstillinga frå styret til Representantskapet følgjande:

1. Styret rår til at , Etne kommune vert leiar for Representantskapet for perioden desember 2019-2021.

Det er styret som innstiller til Representantskapet, men det er ønskjeleg at Samarbeidsrådet sluttar seg til framlegg til vedtak.

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek framlegg til ny representantskapsleiar til orientering.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 8. november kl. 10.00  
Matre Gjestetun, Kvinnherad

Sak 45/19  
GJG/rr

### **FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2020**

Forslag til budsjett for 2020 ligg som vedlegg (vert ettersendt 4. november). Det er utarbeidd to budsjett. Eit budsjett for Samarbeidsrådet og eit for VisitSunnhordland.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskjeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til budsjetta.

Det er styret som innstiller til Representantskapet, men det er ønskjeleg at Samarbeidsrådet sluttar seg til framlegg til vedtak.

#### **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek budsjetta for 2020 til orientering.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 8. november kl. 10.00

Matre Gjestetun, Kvinnherad

Sak 46/19

GJG/rr

### FRAMLEGG TIL MØTEPLAN 2020

I strategiplanen for Samarbeidsrådet for perioden 2018-2021 er ein av hovudsatsingane å styrka samhandling mellom regionane. I dette ligg det blant anna å arbeida for ein felles strategi med naboregionar, arbeida for at Bjørnefjorden kommune vert assosiert medlem og at det vert etablert tydelegare og meir konkrete «avtalar» med Haugalandet og Hardangerrådet.

I møteplanen er det ikkje sett opp møter med desse ulike regionane. Desse møta vil difor koma i tillegg. Administrasjonen vil arbeida for at møta så langt det let seg gjera, vert samkøyrert med møta i Samarbeidsrådet.

### VÅR 2020

Møter	Jan	febr	Mars	April	Mai	Juni
Arbeidsutvalsmøte	24					
Samarbeidsrådet for Sunnhordland		7				
Møte med stortingsrepr/departement i Oslo						
Arbeidsutvalsmøte			6			
Fylkestingsrepr/stortingsrepr frå Shl.			6			
Samarbeidsrådet for Sunnhordland			20			
Representantskapsmøte				24		
Arbeidsutvalsmøte					22	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland						5

7. februar – Austevoll

20. mars – Tysnes

24 april – Sveio

5. juni – Fitjar

## HAUST 2020

Møter	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Arbeidsutvalsmøte	21				
Samarbeidsrådet for Sunnhordland		4			
Arbeidsutvalsmøte			2		
Fylkestingsrepr/stortingsrepr frå Shl.			2		
Samarbeidsrådet for Sunnhordland			16		
Arbeidsutvalsmøte				20	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland					3-4

4. september – Etne

16. oktober – Bømlo

3-4 desember - Kvinnherad

### **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner møteplan for 2020.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 8. november kl. 10.00  
Matre Gjestetun, Kvinnherad

Sak 47/19  
GJG/rr

### SKRIV OG MELDINGAR

#### a) Julemøte 5-6 desember

I møte i Samarbeidsrådet 5. desember føreslår arbeidsutvalet at det vert ei orientering og drøfting på beredskap i høve til brann på batteriferja Ytterøyningen i Kvinnherad.

Om kvelden vert det julemiddag og avslutning for ordførarane som gjekk av i haust.

Fredag 6 desember vert det representantskapsmøte frå kl 10. Her vil det først verta gitt ei orientering om arbeidet i Samarbeidsrådet med fokus på Geopark Sunnhordland, omdømmeprojektet og reiseliv. Det er og lagt opp til ei orientering frå SIM.

#### b) Berekraftig reisemål

Samarbeidsrådet har fått tilsegn på kr. 750 000 frå Innovasjon Norge til arbeidet med fase 2. Samarbeidsrådet har engasjert Brynjar Stautland som prosjektleiar for arbeidet i 50% stilling. Prosjektet skal vera avslutta i slutten av april 2021.

#### c) Miljøfyrtårn sertifisering

Samarbeidsrådet har søkt fylkeskommunen om meir midlar til arbeidet med å få miljøfyrtårnsertifisert kommunane i regionen. Dette for å få ned kostnadane til kommunane.

#### d) Prosjekt mot forsøpling

Samarbeidsrådet gjorde i møte 6.september følgjande vedtak vedrørande prosjekt mot forsøpling:

- 1. Samarbeidsrådet går inn for at det vert etablert ei brei samansett ressursgruppe med sentrale aktørar som får ansvar for utarbeiding av ein strategi og handlingsplan mot forsøpling i Sunnhordland.*
- 2. Arbeidet skal også ha fokus på tiltak for å førebyggja og hindra forsøpling.*
- 3. AU får fullmakt til å setja saman ei ressursgruppe.*

Au drøfta saka i sitt møte 25.oktober og vart samde om kven som bør inviterast inn i ressursgruppa. Dei får og ansvar for å konkretisera sitt mandat for arbeidet. Dette er blant anna representantar frå næring, renovasjonsselskap og friluftsråda.

Alle kommunane kjem med ein representant – rådmenn/kommunedirektør peikar ut .

**e) Strategi Hordfast**

Det er svært viktig at Samarbeidsrådet har fokus på arbeidet med å få realisert E39 Hordfast. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeida ein strategi for dette arbeidet bestående av ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes, ordførar Gaute Epland, Stord og ordførar og styreleiar Morten Storebø, Austevoll i tillegg til dagleg leiar Gro J. Gjerde  
I møte vil ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune, gje ei orientering frå arbeidet.

**f) Planretningslinjer for strandsona**

I eit møte i Kommunal og moderniseringsdepartementet vart Samarbeidsrådet oppmoda om å koma med innspel til arbeidet med ein revisjon av Statlege planretningslinjer for forvaltning av strandsona. Ei arbeidsgruppe bestående av ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune, kommune, ordførar og styreleiar Morten Storebø, Austevoll kommune, rådmann Olaug Haugen, Fitjar kommune og dagleg leiar Gro J. Gjerde . I møte vert det ei orientering om arbeidet.

**g) Autopass på ferjer**

Arbeidsutvalet drøfta i sitt møte konsekvensane ved innføringa av autopass på ferjer. Ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune, vil i møte gje ei orientering.

**h) Tingrettane**

Domstolkommisjonen har no lagt fram første del av sitt arbeid, der det vert føreslege å redusera antal tingrettar frå 60 til 22.

Samarbeidsrådet har fått tilsendt eit brev med merknader til rapporten, signert av tilsette frå tolv tingrettar og åtte jordskifterettar. I brevet går ein sterkt i mot framlegget frå Domstolkommisjonen. Det vert og retta kritikk imot Domstoladministrasjonen sin praksis ved naturleg avgang av sorenskriver/jordskifterettsleiarar:  
*«Vi har derimot vært kritisk til at DA over lang tid, rent administrativt, har strukturert tingrettene og jordskifterettene etter pensjonsprinsippet. Dette innebærer at der en sorenskriver/jordskifterettsleder går av med alderspensjon, så legges domstolen inn under nærmeste «sammenslåingsvennlige domstol».*

Det er dette som no skjer ved Sunnhordland Tingrett, ved at tingretten no vert leia frå Haugaland Tingrett.

Det vert i møte lagt opp til ei drøfting av korleis Samarbeidsrådet skal ta denne saka vidare.

Brevet ligg som vedlegg.

**i) Kraftskattutvalet**

I møte vil Kjetil Harestad frå SKL orientera om konsekvensar og vurderingar knytt til Kraftskattutvalet sitt framlegg til regjeringa.  
Det vert lagt opp til ei drøfting.